

F Y L K E S - K O N S E R V A T O R

J O N B E R G S Å K E R

S I T T K Å S E R I

P Å

S Y S K I N B A R N S T R E F F E T

P Å G I L J A S T Ø L E N

D E N 5. S E P T E M B E R 1 9 8 1

Etter matrikkelen frå 1830-åra, då det gamle matrikuleringsgrunnlaget med gardsprodukt vart omgjort i pengar, var det fire gardseiningar på Frafjordgarden. For dei alle var den gamle skylda smör, noko som då også skulle fortelja sitt om at det var husdyrhald som var det viktigaste i gardsdrifta her. Det hadde dei elles sams med så mange av gardsbruken i den Höle skipreide som Frafjord låg i, likeeins med gardsbruk i Idse skipreide i grannelaget. Mæle låg også i Höle skipreide, medan Espedalen låg i Idse skipreide som gjekk fram til Tauraånå. Dei fire skyldsette gardsbruken på Frafjordgarden i 1830-åra var jamstore. Ved ny matrikulering i 1880-åra hadde det ved deling av gardsbruk - og truleg også ved at ein husmannsplass hadde vorte utløyst og skyldsett - vorte 10 skyldsette gardseiningar på Frafjordgarden, likevel slik at det då var ein eigar til to av einingane og såleis i røynda 9 drevne gardsbruk.

Stoggar ein litt midt mellom desse to matrikuleringsoppgåvene og fester seg ved tilhöva på Frafjordgarden, slik dei kjem fram gjennom folketeljinga i 1865, finn ein at det då var 9 skyldsette gardsbruk og 2 husmannsplassar. Husmannsplassane låg på Frafjordøyren og under heile garden, d.v.s. dei låg under alle dei skyldsette gardsbruken og ikkje under einskilt av dei. Det vil då seia at vederlag for bruk av husmannsplassen måtte svarast til alle gardsbruken med tilmåta del etter skylda.

Ein må merka seg at dei to husmannsplassane på Frafjordøyren i 1865 ikkje skilde seg særleg ut frå skyldsette gardsbruk på garden når det gjeld husdyrhald og for så vidt heller ikkje når det gjeld dyrking av korn og poteter. På slikt grunnlag skal ein ikkje kunna finna noko særleg skilje innan Frafjordsamfunnet den gongen.

På dei 9 skyldsette gardsbruken og dei 2 husmannsplassane budde det i 1865 103 menneske med stort og smått. Dei utgjorde 14 hushald. Det kjem fram ved at folgefolket på eitt av bruken vart rekna som hushald for seg sjølv og ved at ein i røynda finn 3 hushald på ein av husmannsplassane på Frafjordøyren, nemleg, forutan husmannen sjølv med huslyd, mor og far til kona og likeeins ein såkalla inderst - skal ein sjå han som ein leigebuar - som var fiskar og budde der med kone og born. På denne eine husmannsplassen budde det då i alt 15 menneske.

Lat også nemnast at alle på Frafjordgarden, unnateke 3, var fødde i Högsfjord prestegjeld. Det var berre ein på Frafjordgarden som hadde henta kona si utanfrå og utanfor prestegjeldet, - ho var frå Bakke prestegjeld i Vest-Agder, og så var det to tenestgjenter frå Sirdalen. Elles högsfjordingar alle.

Alle brukarane var gifte og hadde born. På dei 9 gardsbruks var det ein huslyd med 8 born, 6 med 6 born, 1 med 4 born, og så ein huslyd med eitt barn då i 1865. På den eine av husmannsplassane på Frafjordøyren var det då ei enke som dreiv saman med borna sine.

Elles kan nemnast at to av inderst'ane som budde på garden får yrket sitt oppgjeve som fiskar, og ein inderst vert rubrisert som vedhoggar. Ei kvinne som inderst vert oppgjeven å vera "skredderpige". Når det gjeld særleg handverk slik, finn ein at mellom sönene på eitt av gardsbruks vert ein oppgjeven å vera smed og ein annan skomakar. Frafjordsamfunnet skulle såleis då i 1865 i alle fall ha tre handverks-"spesialistar", så langt ein skal döma etter folketeljingsoppgåvene.

På Frafjordgarden med dei 9 gardsbruks og dei 2 husmannsplassane heldt dei i 1865 7 hestar, 67 storfe, 220 sauvar, 125 geiter og 7 svin. På 7 av gardsbruks heldt dei ein hest kvar. To gardsbruk og dei to husmannsplassane hadde ikkje hest sjölve. Det var dei 7 gardsbruks med hest som også hadde kvart sitt svin. På einskilde gardsbruk var det opp til 8 storfe, opptil 30 sauvar og med 16 geiter som det meste på eitt bruk. Lat då også nemnast at på den eine av husmannsplassane på Frafjordøyren var det 6 storfe, 20 sauvar og 15 geiter. Det var eit større husdyrtal enn på sume av gardsbruks.

Eit grunnlag under husdyrhaldet den gongen var utnytting av utmark med slått og beitedrift. Frafjordgarden hadde sine stölar - Heimrestöl og Indrestöl - nord for fjorden. I samband med beitedrift og mjølkeproduksjon på stöl vart det også dreve med slått, med mange utlöer og stakkstader som ein henta höyet heim frå om vinteren.

Då i 1865 må det reknast med at både ku, geit og sau var mjölkedyr på stölen. Den gamle driftsforma med mjölkning av sau vart elles til kvart avvikla ut etter i siste halvpart av 1800-åra. Frå 1865 noterer ein seg elles at geita på Frafjordgarden utgjorde vel 36 prosent av samla tal og sau og geit. For heile Frafjorddalen med Mån og Fed, og likeeins for Dirdals- og Östabödalen, låg geite-

talet den gongen på rundt 40 prosent av samla tal sau og geit. Dette området var då i ein særstilling i ein Rogalandsheilskap, meddi ein midt i andre halvpart av 1800-åra reknar med at geita berre utgjorde mindre enn 10 prosent av samla tal sau og geit, både særskilt i Ryfylke og i Rogaland i det heile. Geitehaldet på Frafjordgarden fellest inn i det særmerkte mønsteret i så måte for dette området. I 1875 finn ein også at Forsand kommune hadde flest geiter av alle kommunar i Rogaland.

På alle gardsbruка og husmannsplassane dyrka dei havre og poteter, med oppi 4 tønners utsæd av poteter og oppi vel 2 tønners utsæd av havre. På 8 av gardsbruка hadde dei også byggåker, vanleg med utsæd av 1/4 tonne bygg. Det skulle då grovt rekna seia at havreåkeren på bruket kunne vera rundt ni gonger så stor som byggåkeren. Ein reknar vanleg at det kunne vera med særleg tanke på ølbrygging at ein dyrka litt bygg her i havreområdet, og elles med tanke på byggmjöl til veitsleemat.

Den samla utsæden på Frafjordgarden var etter oppgåvene fra 1865 i underkant av 2 tønner bygg, vel 20 tønner havre og 36 tønner poteter. Med vanleg fold som ein rekna i Rogaland ved dei tider, 7 fold for havre og 8-9 fold for poteter, skulle avlinga på Frafjordgarden då teoretisk liggja på vel 150 tønner korn og rundt 300 tønner poteter, - kvar tonne rekna til 140 liter. På kvar einskild av dei 103 - med stort og smått - som då budde på garden, skulle det falla omlag halvanna tonne korn og tre tønner poteter, eller utrekna i liter pr. dag i året 0.6 liter korn og 1.2 liter poteter; - med lettakorn og småpotete og alt.

Frafjordgarden var stor nok til å utgjera be-lag for seg sjølv. Be-laget var ein grannelags-institusjon i det gamle bondesamfunnet, med gjensidige skyldnader når særleg arbeid skulle gjerast ved dugnad og ved livsens högtider som bryllaup og gravferd. Frafjordgarden var i så måte ein samanvoven heilskap, der alle trond kvarandre og alle måtte ta omsyn til kvarandre. Frafjord-garden var be-lag for seg sjølv, medan dei andre gardane i dalen var i lag etter eit mønster som gjorde Kommedal, Håland og Molaug til be-lag for seg sjølv, Brådland og Eikeskog, Eikeskog, Brådland, Mån og Fed, Mån, Eikeskog og Fed, Fed, Mån og Eikeskog.

Frafjordgarden var nok også i lag i kyrkjebåten, før 1854 til kyrkja på Höle, etter 1854 til kyrkja på Forsand, – inntil det over i 1900-åra kom kyrkje i Dirdal. Dei kunne nok også gjera byferder i lag, då dei rodde og siglde dit, med varer som skulle vendast, det vere seg ved og anna skogsvyrke, det vere kröter og slakt og anna som garden måtte gje og som dei kunne ha overskot av når eigen trong var dekt, i såkalla naturalhushald som dei enno levde då i 1860-åra som ein her har fest seg ved. Dei rodde nok fjorden på sine byferder etter at det frå 1866 var kome rutebåt. Rutebåten på Högsfjord frå mars 1866 – Oscar I – utvida frå november 1866 rutene sine til Frafjord dei to rutedagane, tysdag og torsdag, frå Stavanger om morgonen og tilbake til Stavanger om kvelden. Drog dei med rutebåten til byen tysdag, fekk dei onsdagen i byen og kunne koma heimatt utpå dagen torsdag. Men tok dei til byen torsdag, kom dei ikkje heimatt för utpå dagen tysdag i neste veke. Med slikt rutemönster vart nok båten med årar og segl framleis brukta. Dette med rutebåt to dagar i veka heldt seg lenge framover, også t.d. i 1894 då Frafjordområdet fekk postopneri med Ole K. Molaug som postopnar: då fekk rutebåten særleg godtgjersle for å föra post til og frå Frafjord to gonger i veka.

Dei rodde fjorden og fjordane for anna også: Högsfjord med Frafjord har frå gamalt vore rekna mellom dei beste sumarfiskfjordane på Vestlandet. Ved notfiske var det då samarbeid innan dei einskilde gardkrinsane med not i sameige og med tilmåta tal deltagarar i fiske frå dei einskilde gardseiningane. Slikt not-samarbeid kjenner ein til frå den gamle Frafjordgarden også. Frå Frafjord var det også allmenn deltaking i vintersildfisket, med båtlag, mykje på 5 mann, som kvar hadde 4-5 garn med seg. I sildeperioden 1808 – 1870 var dette eit sterkt inntektsgrunnlag for Högsfjord og for Frafjord. I 1860-åra skal nær 70 prosent av alle mannsfolk i Högsfjord mellom 15 og 60 år ha vore med på dette sildefisket. Det er frå 1860-åra rekna ut at vintervekene på sildefeltet kunne gje utbyte til den einskilde fiskaren av storleik som det årsutbytet ein rekna med av omlag 3 kyr. Når ein då veit at det frå den einskilde huslyden ofte var meir enn ein mann med, både to og fleire, så ein ein også sjå korleis dei få vintervekene på sildefeltet kunne tilsvara ein heil buskap etter Högsfjord- og Frafjordmål for dei einskilde gardseiningane.

Det er peika på at inntekta som vintersildfisket gav i denne sildeperioden fra 1808 har vore sterkt medverkande til at så mange leiglendingar på Vestlandet vart sjölveigarar, og kunne betala ut gardpartane sine på stuttare tid enn det eigenleg var naudsynt. Den inntekta som sildefisket gav skal ein også sjå medverkande til det jordkjöpet som högsfjordingar kunne gjera på bylandet ved Stavanger, der så mange, nett frå denne indre fjorden, frå Dirdals- og Östabödalen og frå Frafjordddalen, frå midt i hundreåret gjorde seg til bönder på bylandet.

Det er frå andre halvpart av hundreåret ein får dette högsfjordske landnåmet på bylandet. Sakte veit ein om högsfjordingar som alt tidlegare hadde sett seg til som bönder der, lat såleis nemnast to brør frå Öygarden i Oltesvikkrinsen som var komne til Sandvika ved Hillevåg. Men det var over i 1850-åra det ein kan kalla den meir medvetne utflyttinga tok til med kjøp av jord i den Hetlandsmarka som då vart skild ut frå Hetland prestegarden. Ein frå Dirdalsdalen og ein frå Frafjordddalen vart dei første her. Området på bylandet, der högsfjordingar sette seg til som bönder, utvida seg til kvart, frå Jåttå til Tasta. På ei 25 års tid frå midt i 1850-åra kunne det teljast opp meir enn eit tjug högsfjordbönder på dette bylandet. Og det auka på mot enden av hundreåret og over i det nye. Etter det økonomiske hardværet som gjekk over Stavanger i 1880-åra måtte mange Stavanger-borgarar som hadde sett pengar i jord då det såkalla benefiserte godset vart selt tidlegare i hundreåret, gje opp. Då kom nye högsfjordingar.

Den større utvandringa frå bygdene våre må seiast ha teke til i siste halvpart av 1800-åra. Då hadde Amerika opna seg, då kunne bynæringer ta imot meir folk. Tidlegare hadde folkeoverskotet i bygdene, slik også i Högsfjordbygdene, i stor mun vorte sett på bygslestykke. Lat oss då samstundes ta i tankar kor viktig den vestlandske og roglandske husmannsskipnaden hadde vore for dei unge som ville setja bu og få seg sitt eige hushald.

Også frå Högsfjord reiste dei til Amerika og til byen. Dei første Amerika-fararane ein finn registrerte frå prestegjelåtet tok ut i første halvpart av 1800-åra. I åra framover var det likevel berre meir spreidde utvandrargar til Amerika ein finn registrerte frå Högsfjordbygdene, medan det drog heile flokkar frå andre bygder i nærleiken. Det kan såleis nemnast at dei

drog flokkevis frå t.d. Strand og Årdal i tider då dei berre kom heilt spreidt frå Högsfjord. Såleis i 1850-åra då högsfjordingar tok til å setja seg til som bönder på bylandet. Det er som det må kunna seiast at det Amerika vart for andre bygder, det vart bylandet ved Stavanger for Högsfjord i deler av den tida då det var ei større utvandring frå Högsfjord uti 1800-åra, og for så vidt over i 1900-åra. Det tykkjest ha vore ein skildnad på utvandringsmønsteret i grannebygder som skulle kunna samanliknast, då med utvandring av jordbrukarar til bylandet ved Stavanger som eit særmerke for Högsfjord.

Som Amerikabreva lokka andre etter frå nærare krins og grannelag der breva kom heim, skal ein også sjå påverknaden frå pionerane frå Högsfjord som sette seg til på bylandet. Dei gjorde det godt, og dei heime fekk også höve til å sjå det sjølve. Lat oss i så måte ta i tankar dei arbeidsvandringane av slättekurar og rakstegjenter som gjennom ti-åra fram til hundrearsskiftet gjekk frå Högsfjord til bylandet. For mange av dei vart det eit møte med bylandsjordbruket som sidan førde dei dit som bönder. Ein skal også veta å vurdera den sambygdingshjelpa som vart gjeven. Ein har så mangt eit döme på at utflytte högsfjordingar som hadde arbeidt seg opp som bönder på bylandet "gjekk god for" slektingar og andre heimanfrå som ville freista seg. Ein veit også om tilfelle då högsfjordingar på bylandet kunne stagga Amerika-utferdshug hjå folk heimanfrå, ved dei råd og rettleiingar dei gav, og som førde til at dei kom til å velja bylandet framfor Amerika.

Det kunne også verta eit særmerkt Högsfjord-samfunn på bylandet på det viset at ein ei heil tid etter det förste "landnåmet" mykje kunne finna giftarmålskrinsen til högsfjordingar på bylandet avgrensa til hösgfjordingar. Det er då også slikt som kan medverka til samhald mellom sambygdingar både av opphav og som utflytte. Det førde også til samvær som sette nett högsfjordingane i særstode mellom innflyttarar frå Rogalandsbypene, såleis ved det "Fossanlaget" som lenge heldt seg så livskraftig og som både styrkte samhaldet mellom dei utflytte og bandet med bygdene dei var komne frå.

Men sjölv sagt skal ein vera merksam på at dei drog til Amerika frå Högsfjord også, og dei drog til byen, slik som frå alle Rogalandsbygder då i siste halvpart av 1800-åra. Likevel må ein sjå at Högsfjord i stor mun skilde seg ut i höve til andre bygder og bygdelag ved den særmerkte utflyttinga til bylandet der dei kom til å halda fram i jordbruksyrke som heime i Högsfjord. Eit bilet av utflyttinga frå Högsfjord i andre halvpart av 1800-åra er då annleis enn andre Rogalandsbygdars i så måte, då folkeoverskotet i bygdene flytte ut, også som fylgje av omskifte i bondesamfunnet som gjekk over frå naturalhushald til pengehushald. Folketalet i Högsfjordbygdene hadde doble seg frå 1800 og fram til midt i 1870-åra. Det var ikkje rom for alle heime. Etter det ein kan lesa seg til i dei presteprotokollane som skal registrera utflytting, drog det i desse ti-åra i siste halvpart av 1800-åra fleire frå Högsfjord til Hetland og bylandet enn det drog til Stavanger og fleire enn det drog til Amerika.

Ein vil innan siste hundreåret kunna finna flest alle gardsnamn i Högsfjord på bönder i beltet om Stavanger. Og pionerane i denne interessante utflyttinga, der innvandrarane frå Högsfjord kom til å gjera seg så sterkt gjeldande både i jordbruksdrift og i offentleg liv i dei nye bygdene sine, dei kom her frå den indre fjorden. Frafjord-garden og Frafjord-dalen er sterkt representert i så måte.